

# Høgtid for brot på mållova

## NYNORSK

Kristin Fridtun  
for Studentmållaget i Nidaros

No er det atter eksamenstid, og kvart år nektar lærestader å laga eksamensoppgåver til nynorskstudentar. Etter norsk lov skal alle eksamensoppgåver liggja føre i bae målformer, dersom det ikkje er særskilde grunnar som talar imot det. Om instituttet ikkje kan gjeva deg

eksamen på nynorsk, skal dei melda i frå minst tre månader i førevegen, og du har rett til å klaga på ei slik avgjersle. Lærestaden kan til dømes gjera eit unnatak dersom alle kandidatane ynskjer same målforma. Å seia at «eit stort fleirtal er bokmålsbrukarar» er dimed ikkje eit brukande argument. So lenge éin kandidat ynskjer nynorsk som målform lyt oppgåva vera på bae målformer. Dette ser ut til å vera vanskeleg å

fylgja. Skal sedvanen for NTNU og HiST, to statlege kunnskapsformidlarar, vera at lovbrot er greit?

Dei som lagar eksamensoppgåvene, kan ikkje orsaka seg med at dei sjølve har bokmål som hovudmål eller at det er kostesamt og tidkrevjande å laga to eksamenssett. Dei som er tilsette på universitet og høgskular, er vonleg so gløgge og målkunnige at nynorsk ikkje er eit hinder. Dei kan

heller ikkje lura seg unna med å gjeva oppgåva som vedlegg eller liknande. Eksamensteksta skal vera på målforma di jamvel om ho er skriven på tavla eller måla i taket!

Me oppmodar nynorskstudentar til å seia i frå til eksamensvakt og faglærer dersom oppgåva ikkje kjem på ynskt målform. Vakta kan ha gløymt at oppgåva òg ligg føre på nynorsk, og ein faglærer som ikkje har laga oppgåvesettet

på nynorsk attåt bokmål kan trenga litt dårleg samvit. Ikkje minst bør kandidatane senda inn klage til fakultetet sitt, gjerne med ein kopi til Norsk Språkråd og studentmållaget. Studentmållaget hjelper til dersom nokon er utrygge på kva rettar dei har og kva reglar som gjeld. Det er utruleg at universitet og høgskular får ignorera mållova og overkøyra nynorskbrukarar år etter år. Krev retten din, og meld ifrå!